

# Prognose for tilgang av norsk korn for sesongen 2018/2019

14. mars 2019

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og tilrådingar til Landbruksdirektoratet om nødvendig supplering av importerte råvarer.

## Tilgangsprognose

Norske Felleskjøp gir følgjande prognose som oppdaterer forventa tilgang av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:

### Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt 2013-17	Tilgang 2017	Prognose 2018	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	182 000	148 400	<b>85 500</b>	47 %	58 %
Fôrkveite	161 000	235 700	<b>41 500</b>	26 %	18 %
Kveite i alt	343 000	384 100	<b>127 000</b>	37 %	33 %
Matrug	23 000	20 900	<b>2 500</b>	11 %	12 %
Fôrrug/rugkveite	12 000	11 800	<b>5 400</b>	45 %	46 %
Rug i alt	35 000	32 700	<b>7 900</b>	23 %	24 %
Bygg	520 000	544 700	<b>406 000</b>	78 %	75 %
Havre	272 000	269 800	<b>148 000</b>	54 %	55 %
Korn totalt	1 170 000	1 248 400	<b>688 900</b>	59 %	55 %
Erter	3 000	3 800	<b>2 800</b>	93 %	74 %
Oljefrø, åkerbønner	10 000	10 200	<b>7 300</b>	73 %	72 %
Korn, erter, oljefrø	1 183 000	1 262 400	<b>699 000</b>	59 %	55 %
Matandel kveite	53 %	39 %	<b>67 %</b>		
Matandel rug	66 %	64 %	<b>32 %</b>		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)


Prognosen tilseier at tilgangen av korn og proteinvekstar er i alt 25 000 tonn høgare enn prognosert i november.

## Hygienisk kvalitet

Norske Felleskjøp stiller saman rapportar over laboratorieanalysar frå kornhandlarane med sikte på å overvake situasjonen for mykotoksinet deoksynivalenol (DON) i kvar sesong. Det er lite DON i norsk korn i år.

## Kvalitet og fordeling av matkveiten

Proteininnhaldet er svært høgt i årets matkveite. Landbruksdirektoratet har gitt data for proteininnhald i korn som er avrekna pr. veke 10/2019. Resultatet viser at proteininnhald er svært høgt når ein ser perioden frå 2001 i samanheng:



NIBIO, Nofima og NMBU har undersøkt kvaliteten på matkveiten denne sesongen og oppsummert viser analysane at den norske kveiten i 2018 er proteinrik, med sterk gluten og høgt falltal. Bakekvaliteten er god.

Det er lagt til grunn at tilgjengeleg matkveite – overlagra og ny avling – vil bli brukt i perioden fram til ny avling er fasa inn i sesongen 2019/2020.

Under er vist forventa fordeling av tilgangen av matkveiten denne sesongen mellom ulike proteinklasser i korn som er avrekna pr. medio november og inklusive overlagra matkveite:

## Klassefordeling

Prognose sesong 2018-2019					
	Fordeling nytt korn 2018	Matkveite 2018- avling	Overlagra etter 2017/18	Tilgang i alt 2018/19 (tonn)	Fordeling inkl overlagring
Klasse 1	35 %	29 868	-	29 868	24 %
Klasse 2	9 %	7 522	-	7 522	6 %
Klasse 3	37 %	31 768	-	31 768	26 %
Klasse 4	7 %	6 044	36 600	42 644	36 %
Klasse 5	12 %	10 298	-	10 298	8 %
I alt	100 %	85 500	36 600	122 100	100 %

## Fordeling av tilgangen av norsk korn

Det er overlagra overskott av 36 600 tonn matkveite og 50 686 tonn fôrkorn gjennom marknadsreguleringa etter sesongen 2017/2018. Dette inngår som tilgang saman med nytt korn i sesongen 2018/2019. I tillegg inngår fortrent korn som følgje av ekstraordinære importkvotar i 2017/2018 estimert i august 2018 til 12 000 tonn.

Aktørane vil bli invitert til å melde inn eventuelle overskott eller underskott etter sesongen pr. 1. april 2019. Dette vil vere informasjon som eventuelt korrigerer balansen som er estimert som differanse mellom prognosert tilgang og prognosert forbruk. Det ekstra kvantumet kan anten bli handtert gjennom marknadsreguleringa gjennom omdisponering av matkorn til fôr eller ved overlagring til neste sesong. Eventuelle innmeldingar kan også synleggjere rom for redusert tildeling av importkvoter i maiauksjonen.

Med liten tilgang av norsk korn i 2018/2019, er det lite sannsynleg at aktørane vil melde inn behov for overlagring av korn etter sesongen. Det er vidare sådd store areal haustkorn i år som legg grunnlaget for stor andel klasse 4 og 5 hausten 2019. Eventuelt overlagra haustkveite vil det difor neppe vere marknad for i 2019/2020.

Tabellen under gir oversikt over bruken av norsk korn frå årets avling og av korn som er overlagra for marknadsreguleringa si rekning, til ulike formål:

### Fordeling av norsk korn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Mat- kveite	Mat- rug	Matkvei- te,-rug	Fôr- kveite	Fôrrug	Bygg	Havre	Fôrkorn
Overlagra inngang	36 600	0	36 600	11 000	2 200	37 500	0	50 700
Fortrent fôrkorn juli-aug '18				2 000		8 000	2 000	12 000
+Ny avling	85 500	2 500	88 000	41 500	5 400	406 000	148 000	600 900
+Innmeldt 1. april 2019	0	0	0	0	0	0	0	0
=Balanse norsk korn	122 100	2 500	124 600	54 500	7 600	451 500	150 000	663 600
Matkorn - fôrkorn	-3 000		-3 000	3 000	0	-3 500	-10 000	-10 500
Overlagring til neste sesong	0	0	0	0	0	0	0	0
=Tilgang netto i sesong	119 100	2 500	121 600	57 500	7 600	448 000	140 000	653 100

## Forbruksprognose

### Matkorn

Forbruket av norsk matkveite i sesongen 2017/2018 var 23 000 tonn høgare enn prognosert i mai 2018. Det totale forbruket av matkveite var 7 000 tonn lågare enn prognosert. Forbruket av norsk grynnavre var 10 000 tonn høgare enn prognosert i mai og totalt forbruk 4 000 tonn høgare. Samtidig er lagera av matkorn i bransjen redusert med 16 000 tonn pr. 30. juni 2018. Ved avsluttinga av importkvotesesongen 2017/2018 var 19 600 tonn av prognoserte og kjøpte importkvotar for matkorn ikkje brukt. Prisen på importert matkveite var forøvrig i sterk stigning sommaren 2018 og administrert tollsats gjekk som venta ned frå 1. september. Nedgangen var på 480 kroner pr. tonn. Verdien av potensielt å utsette import til nytt kvoteår tilsvarar dermed 9,4 mill. kroner.

Prognosen for forbruk av matkorn i 2018/2019 er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med januar 2019. I prognosen er det lagt til grunn trendutviklinga over dei fem siste sesongane.

Tørken i Norge og Nord-Europa sommaren 2018 har gitt korn med lav hektolitervekt og som gir redusert utbytte i produksjon av matmjøl og gryn. Dette er forhold som varierer mellom år og som matmjølmøllene må ta høgde for i sine innkjøp og overgangslager, men Norske Felleskjøp finn likevel grunn til å korrigere for noko av avviket i inneverande sesong som blir vurdert som ekstraordinært. Det er lagt til grunn redusert utmalingsgrad for norsk matkveite med 2 % og for grynnavre med 10 %. Dette aukar forbruket av matkorn med 5 000 tonn.

Den overlagra matkveiten utgjer eit supplement til den ekstraordinært proteinrike og proteinstærke matkveiten etter sesongen 2018. I prognosen er det lagt til grunn at overlagra kvantum blir brukt opp.

Tabellen under viser den samla foredlinga av matkorn for den norske marknaden dei siste sesongane og prognose:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2013/2014	279 896	23 421	2 643	28 807	334 767
2014/2015	274 945	22 124	3 187	30 888	331 144
2015/2016	276 701	21 122	3 517	30 281	331 621
2016/2017	279 211	21 177	3 232	30 145	333 765
2017/2018	273 813	22 080	3 450	35 727	335 070
Prognose 18/19	276 200	21 000	3 500	38 600	339 300

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

### Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 4. kvartal i 2018 og produksjons- og salsprognosar for mjølk, kjøtt og egg for resten av prognosesesongen. I 3. kvartal er det registrert ein vekst på 8,3 % i salet av kraftfôr til drøvtyggarar i forhold til året før. I 4. kvartal er veksten 10,4 %. Det er lagt til grunn at forbruket av kraftfôr til drøvtyggarar ut over vinteren og våren vil vere på nivå med 4. kvartal.

Forventa produksjon i perioden oktober 2018 – september 2019 går fram av tabellen:

<b>Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)</b>					
	<b>Drøvtyggar</b>	<b>Svin</b>	<b>Fjørfe</b>	<b>Anna</b>	<b>Sum</b>
4K13 - 3K14	997 058	481 603	460 639	25 192	<b>1 964 492</b>
4K14 - 3K15	1 010 312	495 779	426 925	22 386	<b>1 955 402</b>
4K15 - 3K16	1 012 834	498 346	436 699	19 094	<b>1 966 973</b>
4K16 - 3K17	1 004 677	491 545	458 736	16 823	<b>1 971 781</b>
4K17 - 3K18	1 053 443	487 750	444 983	16 753	<b>2 002 929</b>
<b>4K18 - 3K19*</b>	<b>1 146 000</b>	<b>480 000</b>	<b>445 000</b>	<b>17 000</b>	<b>2 088 000</b>
Endring	8,8 %	-1,6 %	0,0 %	1,5 %	<b>4,2 %</b>

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Kraftfôr blir produsert av råvarer som kan grupperast som karbohydratråvarer, proteinråvarer, feittråvarer og vitaminar/mineralar. Det er karbohydratdelen av kraftfôr som i større eller mindre grad blir dekt av norskprodusert fôrkorn og av norskprodusert kli. Andel karbohydratråvarer i kraftfôr har falle over tid først og fremst til fordel for proteinråvarer. Kornsesongen 2018 har gitt korn med ekstraordinært høgt proteininnhald. Dette reduserer behovet for import av proteinråvarer i sesongen og gir høgare andel karbohydratråvarer. I prognosen er lagt til grunn andel karbohydrat i kraftfôret denne sesongen basert på gjennomsnittleg utvikling mellom dei ulike kvartal:

	<b>Andel karbohydrat</b>	
	<b>Registrert</b>	<b>Prognose</b>
<b>2016/2017</b>	70,2 %	
<b>2017/2018</b>	70,5 %	
<b>4. kvartal 2018</b>	73,8 %	
<b>1. kvartal 2019</b>		73,3 %
<b>2. kvartal 2019</b>		73,2 %
<b>3. kvartal 2019</b>		73,8 %
<b>4K18 - 3K19*</b>		<b>73,5 %</b>

Tilgangen av kli frå norske matmjølmøller er justert opp tilsvarende auka behov for matkorn som følgje av redusert utmalingsgrad. Dette gir følgjande forbruk av karbohydratråvarer i kraftfôret i sesongen:

<b>Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)</b>		
<b>Forbruk</b>		
Kraftfôrsal	2 088 000 tonn	
Andel karbohydratråvare	73,5 %	
Behov karbohydratråvarer		1 535 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		65 000
<b>Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr</b>		<b>1 470 000</b>

## Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

### Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote som vert fordelt mellom auksjonar i august, november og mai. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Norsk havre etter sesongen 2018 er svært lett og tilfredsstillende i liten grad kvalitetskrava til matmjølmøllene. Det er gjort tillempingar i kvalitetskrava, men det vil likevel vere behov for betydeleg import av grynnavre.

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	276 200	21 000	3 500	38 600	339 300
Norsk matkorn	119 100	2 500	3 500	10 000	135 100
Underdekning matkorn	157 100	18 500	0	28 600	204 200

Importbehovet er prognosert til 4 500 tonn meir enn det som vart lagt til grunn i november. Dette gir ikkje grunnlag for tildeling av importkvote før neste kvotetildeling i mai.

Andelen norsk korn av forbruket av matkorn totalt blir med dette 40 % i sesongen.

### Importbehov for karbohydratråvarer til kraftfôr

#### Minumumsimport av karbohydratråvarer

Importvernet for jordbruksvarer er etablert for å sikre rom for avsetning av norsk jordbruksproduksjon. Husdyrproduksjonen føreset likevel ein del import av råvarer, mellom anna til produksjon av kraftfôr. Norske Felleskjøp har gjennom rapporten «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017 drøfta rammene for minimumsimport av visse råvarer. Norske Felleskjøp legg til grunn at ein kan opne for import som er meir robust med tanke på å dekke ekstra behov som sikrar husdyra si helse.

Dei alternative nivåa for minimums- og meir robust suppleringsimport av karbohydratråvarer er vist under:

	Minimum	Robust
Minstekvote for auksjon i sesongen	250 000	396 000
+ Kvoter for mais og maisgrits - EU	24 583	24 583
+ Kvote for roemelasse - GSP	38 300	38 300
+Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår	800	800
+ MUL; importert og lisensiert import rest av sesong	31 000	31 000
Minimumstilgang til import i sesongen	345 000	491 000

Dette gir følgende teoretiske rom for norsk fôrkorn i sesongen 2018/2019:

Totalt behov for karbohydrat	1 470 000	1 470 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-345 000	-491 000
Rom for norsk fôrkorn	1 125 000	979 000

I sesongen 2018/2019 er det tilgang til langt mindre norsk fôrkorn enn industrien kunne ha brukt. Det blir derfor ikke nødvendig å sikre industrien større tilgang til import enn ordinært suppleringsbehov slik dette framstår av den prognoserte balansen mellom tilgang og forbruk.

### Prognosert suppleringsbehov i sesongen

Prognosen gir følgende behov for suppleringsimport for karbohydratråvarer til kraftfôr:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)		
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 470 000
Rom for norsk fôrkorn	1 125 000 tonn	
Tilgang av norsk fôrkorn	653 100 tonn	
Norsk korn brukt til kraftfôr etter svinn		-647 000
<b>Underdekning av karbohydratråvare totalt</b>		<b>823 000</b>

\*) Svinn 1,0 %

Andelen norsk korn av karbohydratdelen eksklusiv kli er med dette 44 %. Av totalt kraftfôr utgjør norsk korn 31 % i sesongen.

### Avtalte importkvotar for karbohydratråvarer

Ein del av råvarene til kraftfôr vert importert tollfritt frå MUL-land. Denne importen blir korrigert for i kvoter som blir tildelt på auksjon. For perioden 01.08.2018 – 7.11.2018 er det importert 7 900 tonn karbohydratråvarer frå MUL-land og det er gitt lisensar for import av 17 000 tonn for perioden 7.11.2018 - 24.04.2019.

EU er gitt tilgang til tollfri eksport av 10 000 tonn mais og 10 000 maisgrits til Norge pr. år. GSP-land er gitt ein kvote på 40 000 tonn tollfri rørsuktermelasse til dyrefôr pr. år. Maiskvoten frå EU blir utvida med 5 000 tonn frå 01.10.2018. Denne auken er fasa inn i utrekninga av tollkvoter med 4 583 tonn for inneverande kvoteår.

GSP-kvoten for roemelasse blir gitt for kalenderåret. Det er teke omsyn til at ikkje heile kvoten vart brukt i 2018.

### Forslag om importkvote for fôrkorn

Ved tildeling av kvote for supplerande import av karbohydratråvarer med redusert toll i forhold til bunden WTO-tollsats, kan Landbruksdirektoratet i november tildele kvoter slik at inntil 80 % forventa importbehov for sesongen er fordelt ved auksjonane i august og november. Dette er normalt tilstrekkeleg til å dekke behovet for suppleringsimport i perioden fram til auksjonen i mai.

Behovet for råvarer til produksjon av drøvtyggarfôr er størst i vinterhalvåret og mindre i siste delen av importkvoteåret. Dette blir forsterka i denne sesongen når produksjonen av drøvtyggarfôr er om lag 100 000 tonn større enn det ville ha vore med normal tilgang av grovfôr i 2018. Norske Felleskjøp har derfor valt å foreslå å framskande tildelinga av ein del av restkvoten som elles ville blitt gitt i mai.

Ved tildeling av ekstraordinær importkvote i mars blir det lagt til grunn at ein opnar for tildeling slik at 90 % av samla sesongkvote er fordelt.

<b>Prognosert suppleringsimport karbohydrat, mars 2019 (tonn)</b>	
Prognosert behov for import i sesongen	823 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-24 583
- Kvote for roemelasse - GSP	-38 300
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår	-800
Suppleringsimport inklusive MUL-import	759 317
Importbehov inklusive MUL-import	90 % 683 000
- Tildelt importkvote i august	-317 000
- Tildelt importkvote i november	-252 000
- MUL; importert og lisensiert import	-31 000
<b>Forslag til importkvote med administrert toll</b>	<b>83 000</b>

Prognosert restimport for auksjonen i mai vil med desse føresetnadane vere om lag 76 000 tonn.



## VEDLEGG

### Tilgang korn (tonn)

	Matkveite	Førkveite	Total	Matrug	Førrug og rugkveite	Total rug/rugkveite
2003/04	310 007	24 347	334 354	15 725	2 453	18 178
2004/05	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/06	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 791	127 458	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 335	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 259	6 764	38 023
2015/16	147 734	324 001	471 735	36 591	29 532	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 929	11 790	49 777
16. august	79 000	43 000	122 000	7 000	4 000	11 000
12. september	75 000	41 000	116 000	5 000	7 000	12 000
15. november	82 000	45 000	127 000	3 000	6 000	9 000
<b>Prognose</b>	<b>86 000</b>	<b>42 000</b>	<b>127 000</b>	<b>3 000</b>	<b>5 000</b>	<b>8 000</b>

### Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner	Rugkveite <sup>1)</sup>
2003/04	552 344	316 605	1 221 480	1 054	11 312	869
2004/05	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237	642
2005/06	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220	223
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	479 429	212 361	902 179	963	6 015	413
2014/15	498 860	269 693	1 174 994	2 087	9 648	1 262
2015/16	474 394	268 737	1 280 989	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	270 000	1 248 420	3 762	10 226	17 058
16. august	373 000	140 000	646 000	6 000	6 000	
12. september	370 000	136 000	634 000	6 000	4 000	
15. november	382 000	144 000	662 000	5 000	7 000	
<b>Prognose</b>	<b>406 000</b>	<b>148 000</b>	<b>689 000</b>	<b>3 000</b>	<b>7 000</b>	

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

<sup>1)</sup> Blir rekna som førrug i statistikk og prognose

## Arealutvikling

Arealfordeling 2012 - 2017 (dekar)							Endring frå 2017
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	
Haustkveite	91 327	205 474	375 711	114 213	302 794	99 000	-203 800
Vårkveite	456 404	585 034	480 096	552 434	453 771	485 800	32 000
<b>Kveite</b>	<b>547 731</b>	<b>790 508</b>	<b>855 807</b>	<b>666 647</b>	<b>756 565</b>	<b>584 800</b>	<b>-171 800</b>
Rug, rugkveite	30 095	60 846	104 104	45 460	83 628	33 200	-50 400
Bygg	1 587 177	1 259 617	1 225 484	1 367 167	1 341 631	1 470 900	129 300
Havre	684 556	714 966	629 935	758 377	672 555	694 100	21 500
<b>Korn</b>	<b>2 849 559</b>	<b>2 825 937</b>	<b>2 815 330</b>	<b>2 837 651</b>	<b>2 854 379</b>	<b>2 783 000</b>	<b>-71 400</b>
Oljefrø	34 613	40 999	34 707	41 301	23 002	32 500	9 500
<b>Korn/oljevekstar</b>	<b>2 884 172</b>	<b>2 866 936</b>	<b>2 850 037</b>	<b>2 878 952</b>	<b>2 877 381</b>	<b>2 815 500</b>	<b>-61 900</b>

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet/Søknad om produksjonstilskudd.